



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2355 - 14/18602

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.08.2014

Utsleppsløyve - oppføring av ny bustad på gbnr 147/63 Sellevoll.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Rune Hatten og Mailin Bergås Hatten
Ansvarleg søker: Kaland Trelast AS
Type utslipp : Sanitært avløpsvatn med utslipp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for ny bustad på gbnr 147/63. Avlaupet skal reinasast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før avlaupet vert ført vidare til bekk. Avlaupsanlegget har ein dimensjonert storleik på 5 pe. Kommunen føreset at utslippet sin storleik er den same, 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 08.07.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadføremål med krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf kommuneplanen punkt 1.1. Det er i vedtak datert 29.04.2014 gitt dispensasjon frå reguleringskravet for riving av eksisterande hytte og oppretting av ny bustad med tilhøyrande vass- og avlaupsanlegg.

Nabovarsel

Tiltaket er varsla som del av byggesaka. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Plassering



Plassering av anlegget er vist på situasjonsplan datert 07.07.2014. Avlaupet skal førast til bekk inne på naboeigedomen gbnr 147/42, som tiltakshavar også eig, jf samtale med tiltakshavar 19.08.14.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N for nedgraving. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Drift- og vedlikehald

Det ligg føre serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget.

VURDERING

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 07.07.2014.

Reinsekraft

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til etterpolering før avlaupet vert ført til bekk med heilårs vassføring.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Avtale ligg føre.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbasen.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

Godkjenning etter anna lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Tiltaket er søkt om vert handsama som del av søknad om løyve til oppføring av nytt ny bustad på eigedomen.

VEDTAK

Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrenning av forurensing, kap 12, utsleppsløyve for bustad, 5 pe, i samsvar med søknad mottatt 08.07.2014 og på følgjande vilkår:

- **Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført til bekk med heilårs vassføring på gbnr 147/42.**
- **Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 07.07.2014.**

- Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak. Det er eit vilkår for utsleppsløyve at det er inngått serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget.
- Arbeidet med etablering av anlegget kan ikkje ta til før naudsynt løyve til tiltak etter plan- og bygningslova ligg føre.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2355.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Hatten og Mailin Bergås
Hatten

Skarsvegen 569 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES